



ULEFOSS ROTARY KLUBB

Årsmøte

Dato	År	Referent
31. august	2017	Liv Sonja

Desse var til stades på årsmøtet: Ola V, Bjørn Eirik, Øystein, Per S, Asbjørn K, Ragnar, Knut, Hermann, Kolbjørn, Harald, Svein Tore, Anders, Olav Å og Liv Sonja.

Det har ikkje kome inn saker i tide som skal takast opp på årsmøtet.

Ingen merknader til innkallinga og saklista.

1. Valg av referent og møteleiar: Liv Sonja referent og Bjørn Eirik møteleiar.
2. Årsrapport frå komitéleiarane og frå PP:
 - a) Ola V leste opp årsrapporten frå PP Bjørn Eirik. Denne vart godkjent, dog med spørsmål frå Ragnar om kvifor 3 medlemmer hadde slutta i løpet av året.
 - b) Rapporten frå leiar av Fest- og Kameratskapskomiteen, Irene Flolid, vart godkjent, med merknad frå Odd om at den som var påmeldt ein hyggekveld, men ikkje hadde meldt fråfall innan rimeleg tid, må betale dei 250,- som maten kostar.
 - c) Anders leste sjølv sin årsrapport frå Program- og Yrkestenestekomiteen, som vart godkjent utan merknader og spørsmål.
3. Rekneskap v/Hans (kasserar):
 - a) Stort engasjement og diskusjon kring dette med kontantstrømmen og korleis føre den på best muleg vis. Resultatet av diskusjonen vart at me stevner fram som før, og prøver finne arvtakar etter Hans som kasserar. Han kjem i yrkesmessig skvis pga. kontantbehandlinga me gjer i klubben.
 - b) Revisjonsberetning v/Odd, funnen i god stand og godkjent! Årsmøtet bestemte at kontingenten skal vere som no, men at kr 250,- av halvårskontingenten er innbetaling til Rotaryfondet (TRF). Kvart medlem betalar på denne måten inn $2 \times 250 = 500$ til TRF kvart år.
4. Budsjett for Rotaryåret 2017/2018: Dette vart godkjent med den korrigeringa at kr.14500,- vart overført til TRF-posten.

President Ola vann vinen og Harald fekk nappet.

Liv Sonja, referent

